

# Friskt mot

Av med skjorta, på med drakta,  
me er klar å byrja kampen!  
Me skal gjera det me maktar.  
Heia gutar, opp med dampen!

Fram på bana, opp med farten,  
alle mann sin plass må finne!  
Me skal gå på i frå starten,  
snart er fyrste målet inne!

Fart i beina, mot i bringa,  
pusten fri, sjå det er målet!  
Snøgt seg rundt på hælen svinga,  
tanken klår og kvass som stålet!

Om me sigrar eller taper,  
noko har me alltid vunne.  
Vitsen, det er det me skaper:  
Lekamar og sjeler sunne!

*Tekst: Johan Bernt Ulla*